

## Årsmelding for Jostedal Spel-og Dansarlag for året 2002.

Året 2002 har vore eit aktivt år for Jostedal Spel-og dansarlag. Årsmøte vart halde den 3.februar på Solvang Kafe og Pensjonat. 14 medlemar møtte.

Leiar vart då vald: Anne Kristin Haugen.

Styremedlemane med varamedlemar vart valde.

Då styret seinare konstituerte seg, vart samansetjinga slik:

Arnfinn Gjerde, nestleiar

Dagrun Hesjevoll, kasserar

Asbjørg Ormberg, skrivar

Odd Arne Myklemyr, styremedlem

Tordis Vigdal og Oddvar Kronen varamedlemer til styret.

Det har vore halde 7 styremøte og handsama 30 saker gjennom året.

Det er 54 medlemer i laget

### Aktivitet i laget.

#### Opplæring:

- Det har vore opplæring på fele og trekkspel på fleire nivå, Harald Hesjevoll instruerar.
- Opplæring i dans for born med Lars og Sigrun Vigdal som instruktørar vart drive fram til sommarferien. Det vart vanskeleg å få samla borna att om hausten. Dei er med på så mange aktivitetar.
- Det har vore opplæring på torader med Odd Arne Myklemyr og Arnfinn Gjerde. Heller ikkje denne aktiviteteten fekk me i gong att etter sommarferien.
- Det har vore faste øvingar i spelemannslaget. Harald Hesjevoll var musikalsk leiar til fram mot jul.
- Faste songkveldar med gamle songar og viser frå Jostedal. Asbjørg Ormberg "føresongar".
- Det vart halde verkstadhelg 22.-23. november i samfunnshuset. Her var deltakarar frå heile Luster kommune. (Skjolden, Luster, Gaupne, Solvorn og Jostedal) I tillegg var det med ein deltakar frå Sogndal Arve Røneid var instruktør på toradar, Arve Sjåstad på kontrabass, Judith Westrheim i song, Harald Hesjevoll, Liv Fridtun og Mari Ormberg på hardingfele. Arvid Elvekrok var instruktør på akustisk gitar. 43 deltakarar var med på aktivitetane.

#### Deltaking på kappleikar, stemne og kurs:

- Jostedal Spel- og dansarlag har hatt deltakarar på både Fylkeskappleik (i Naustdal), Lanskappleik (i Vågå) og Vestlandskappleik (i Bergen). Laget hadde deltakarar i pardans og solospel på hardingfele.

Laget har også vore representert med dommar på Landsfestivalen for gammaldansmusikk (Harald Hesjevoll, i Førde)

- Ein heil flokk med born var påmelde til juniortreff på Skei, men måtte avlyse turen grunna stengde vegar.
- Tre av medlemane deltok på Mo-kurset.
- Leiaren i laget var med på leiarmøte på Vestlandskappleiken.
- Harald Hesjevoll representerte laget på fylkesårsmøtet.
- Harald og Dagrun Hesjevoll repr. laget på årsmøtet i LFS.
- Harald Hesjevoll og Mari Ormberg deltok på kurs under Førde Internasjonale Folkemusikkfestival: Å arrangere tilstelningar i laga.

#### Tilskipingar

- Det vart skipa til konsert i samband med årsmøtet 3.februar: "Runddansmoro" med Øyvind Lyslo, Oddbjørn Ramstad og Harald Hesjevoll. Mange frammøtte og god respons.
- Til sommarsavslutning vart det invitert til "Pizzakveld" den 15.mai. Alle deltakarar i song, dans og spel pluss deira familiar var inviterte. Responsen var gledeleg stor, og me fekk ein variert og fin folkedans- og musikk-kveld.
- 27.september: Oppvarmingskveld for Småviltlaget. Gamaldans med musikk av medlemer i spelemannslaget. (Få frammøtte)
- Laurdag den 12.oktober vart det skipa til Konsert og gamaldanskveld i samfunnshuset med gruppa Småviltlaget. Ein vellukka kveld med mykje dans, mest pols! Interessa for å arbeide meir med polsdansen vakna att hjå mange.
- Det vart halde Minikonsert ved avslutning på verkstadhelgi 23.november. Deltakarar og instruktørar i elden. Godt frammøte.
- Laget skipa til julebord på Solvang kafe og pensjonat den 20.12.01. Musikk ved Uglum og Kristiansen

#### Ymse:

- JSD tok som vanleg sin del av arbeidet på 17.mai (selje is og brus)
- Nokre frå spelemannslaget var med og spela til dans då Jostedal Helselag skipa til 17.maifest om kvelden i samfunnshuset. (den 17.mai)
- Laget var også med på JUL sin sommarmarknad. Tombolasal.
- Laget var representert då Vaksenoppplæringa hadde "stand" i Gaupne i oktober.
- Laget har vore med og arrangert Bingo i Jostedalen.
- Det blir sendt ut Medlemsnytt til alle medlemar i laget nokre gonger for året.
- Laget har støtta Jostedalsaksjonen for "føden" i Lærdal .
- Dei yngste felejentene var med og underholdt på årsmøtet til Luster mållag i "Gamlestova" på Gjerde.

Valnemnda sitt framlegg :

Solveig Sperde inn i styret

Arafjøra Gjerde, attval : vald

Odd Arne Myklemyr attval : vald

Varafolk : Tordis Vigdal og Oddvar

Kronen : valde

Leias : Asbjørg Ormberg : vald.

Valnemnd : Lars Vigdal (sagt fra seg)

Hasald Haugen, støtt på val

Helene Myklemyr Bolstad, ikke på val

Årsmøtet føresles : Hasald Haugen

Helene Myklemyr

Einas ESE

Heile

Sak 9 : Utkendingas til LFS :

Årsmøtet føresles at styret

finn noko til å repr. laget.

Sak 10 : Ymse.

\* Informasjon om ~~kappleikar~~<sup>lands</sup>, festivaler  
og MO-kurs, Folkmusikkdagane på Ål.

\* "Sukk" fra salen : Kvifor er det  
6 gonger så dyrt å stille 10 par i  
lagdans som å stille 20 spelars i  
spelmannslag?

Styret vil sende eit motat til LFS.

\* Leigeavtale frå kontrabassen.

## Arbeidsplan for Jostedal Spel og Dansarlag for året 2003.

- Halde fram med dei aktivitetane me har:
  - felekurs på ymse nivå
  - trekkspekkurs
  - øving i spelemannslaget
  - songstunder
- Prøve å få i gong att danseopplæring, gjerne i samarbeid med skulen.
- Skipe til kurs i song, spel og dans i samsvar med ynskje frå medlemane.
- Halde fram arbeidet med registrering av laget sine eigneluter (instrument, lydanlegg m.m.)
- Ny verkstadhelg til hausten med vekt på tradisjonsstoff frå Jostedal innan musikk, song og dans.
- Få med tidlegare aktive.
- Halde medlemane orienterte gjennom medlemsnytt
- Halde årsmøte
- Skipe til konsertar, gjerne med tilreisande utøvarar.
- Skipe til gamaldanskveldar.
- Delta på lokale arrangement
- Delta på kappleikar
- Delta på juniortreff
- Delta på landskappleik / landsfestival
- Sende born til Mokurs
- Skipe til julebord med dans etter gamaldansmusikk
- Arrangere Bingo
- Arbeide for at kulturarven vår i Jostedal innan spel, song og dans vert halden i hevd.